

Til

Klikk her for å skrive inn tekst.

Vår ref.:
23/01772-18

Dato:
26.10.23

Referat frå IDF-møte 05.10.2023

Til stades:

Organisasjonane

Jan Ove Rogde Mjånes Akademikerne (AK)
Nina Roskin Harkestad bisittar Akademikerne
Wenke Wüsthoff Jortveit Parat (P)
Grethe Lønning Grimsbø bisittar Parat
Tina Åsgård Norsk Tjenestemannslag/LO-stat (NTL)
Gjert Anders Askevold Forskerforbundet (FF)
Karin Bell Hovudverneombod (HVO)

Arbeidsgjevar

Tage Båtsvik Organisasjonsdirektør (OD)
Anette Fristad Avdelingsleiar AHR
Anette Undheim Seniorrådgjevar AHR
Linn Melby Meyer Rådgjevar AHR
Helge Skugstad Direktør for Økonomi og arealforvaltning (DØA) sak 52
Ingvild Brekke Myre seniorrådgjevar OUD (OUD) sak 53
Wenche Fjørtoft Seniorrådgjevar AHR – referent
Liv Synnøve Bøyum Seniorrådgjevar AHR sak 55
Anders Otto Plassen Seniorrådgjevar AHR sak 55

Informasjonssaker:

51/23 - Oversikt over nytilsette og slutta

52/23 Økonomiske rammer, budsjett 2024 og tiltaksområde

DØA orienterte om framskrivingar av dei økonomiske rammene som grunnlag for arbeidet med budsjettarbeidet i 2024 . Sjå PP under IDF møte 05.10.23 i teams.

AK stilte spørsmål om ein har teke høgde for utskifting av gammalt IT-utstyr i budsjettet og korleis omlegginga av finansieringsmodellane vil slå ut for HVL? Fakulteta FIN/FØS er hardt pressa som følgje av samanslåinga av fakulteta og derfor håper AK at dei største kutta ikkje hamnar der.

HVO stiller spørsmål om det bli fleire omstillingsprosjekt framover? Blir det felles retningslinjer for til dømes reiser eller andre sider ved drifta som kan sparast på?

DØA: det er behov i organisasjonen som vil koste oss meir i framtida som til dømes digitalisering. Vi har vore for lavt budsjettert dei siste åra. Dei store kostnadene er knytt til drift, husleige og løn. Vi må i fellesskap finne ut korleis vi skal dimensjonere dette.

FF: Stiller spørsmål om kva som er naudsynte kostnader for å ha fagleg forsvarleg drift av utdanningane våre? Kva konsekvensar vil det få for HVL som organisasjon: Vil det bety noko for universitetsambisjonen? Kan vi leige hos andre enn Statsbygg? Kan Vinst-alliansen gje oss noko innspel?

DØA: Vi veit at inntektene vert mindre framover. Ei arbeidsgruppe skal sjå på kva avtalar Statsbygg inngår om energi. Vi kan leige frå kven som helst, men skal det byggast nytt så må Statsbygg gjere det for oss.

NTL: Det ein alvorleg situasjon vi står overfor. Lønnskostnader er den store utgifta og viss vi skal spare så vil det ramme lønnskostnadene. Ein del prosjekt som går no kommuniserer at vi skal ha like mange tilsette, samtidig som det vert vist til strammare tider. Tilsette trur ikkje på at ein skal stramme inn, men halde fram som før. Ein må vere ærleg i kommunikasjonen til tilsette. Det vert sagt at vi må ha kritisk blikk på nye stillingar. Skal folk som sluttar erstattast? Vurderer ein stillingsstopp eller andre tiltak? Blir det sett på fordeling av studieplassar? Det blir ekstra viktig at vi greier å fylle studieplassane våre.

DØA: Omfordeling av studieplassar er ikkje blitt vurdert. Vi må ha ein god kommunikasjonsstrategi om kva tiltak vi må setje i gang. Løn er to tredjedelar av budsjettet. Bildet er alvorleg og det viktig å ha felles forståing for utfordringsbildet.

FF: Tiltak som kan vere aktuelle for oss og ein god kommunikasjonsstrategi som er tydeleg, direkte og rett på sak er viktig. Det er fare for at tilsette ser seg etter andre arbeidsplassar som blir ei utfordring for oss.

HVO: Det er viktig vi er tydeleg på at kostnadene er knytt til lønsmidlar. I omstillingsprosessar er god informasjon og god kommunikasjon viktig. Viktig å vite kvar vi skal redusere stillingar slik vi ikkje misser dei vi ønskjer å behalde.

OD: Kommunikasjon og ærlegheit i kva vi står overfor er viktig. Allereie i november i fjor vart det antyda at inntektsgrunnlaget vil gå ned i åra som kjem. Det vart starta eit omstillingsarbeid med fire prioriterte område. Vi kan ikkje vere konkrete på kor vi vil redusere tal stillingar, men at vi sannsynlegvis vil bli færre om nokre år enn dei vi er i dag. Uansett kva god kommunikasjonsstrategi vi har, vil det bli opplevd som utrygt for nokre av våre tilsette. Vi skal ha god kommunikasjon som dempar den verste uroa. Vi har hatt ein formidabel vekst desse åra som heng saman med ekstraordinære løyvingar.

AK: HVL bør gjere ein kritisk gjennomgang av kritisk kompetanse for å vite kva ein faktisk treng i høve universitetsambisjonen, framtidig studieportefølje og planar som ligg der, slik ein kan gå målretta til verks og ikkje gjennom ostehøvel metode.

Sence of urgency - har vi tid å vente på naturleg avgang eller kjem det meir konkrete nedbemanningar? Ein bør gå i gang med kartlegging av kritisk kompetanse på alle område, knytt til strategi, framtidig studieportefølje og universitetsambisjonen.

DØA: Vi deler eit felles bilde og ei felles utfordring for korleis dette ser ut. Vi har god fart og gjer mykje av dei rette tinga. Vi skal halde veksten på rett måte. Dette gjeld endringar som er ein del av samfunnsutviklinga; demografisk utvikling og nedgang i årskulla.

53/23 Informasjon om omstillingsprosjekt organisering og dimensjonering av støttetjenester

Vi er no inne i fase 2 som handlar om gjennomføring av dialogmøte om organisering, dimensjonering, ansvar og roller i dei administrative støttetjenestene.

OUO orienterte om prosjektet organisering og dimensjonering av støttetjenester og gjennomføring av dialogmøte. Sjå PP i teams (partssamarbeid).

NTO stilte spørsmål om dekanane er kopla på denne prosessen og korleis involveringa er. Korleis fungerer administrasjonen for alle brukarar, kva er kritiske tenester, bruker vi tida rett, kan vi vri tenesteproduksjonen til andre område, skal ein sjå på dimensjoneringa både i fakultetsadministrasjonen og i FADM?

OD: Toppleiinga er oppdatert. Oppmodar avdelingsleiing og prorektorar til å ta tak i dette.

Når vi har meir kunnskap inviterer vi til samtalar om utvikling av tenesteområda. Vi ønskjer ein systematikk der vi får snakka godt saman, og der vi i fellesskap får utvikla støttetjenestene. Synspunkt om fordeling mellom Fellesadministrasjonen og fakultet kan kome opp.

Det vil vere opp til tenesteleiarar å ta dette vidare og utvikle sitt område.

OUO: Fordeling av administrasjonen mellom fakultet og FADM er ein del av dette. Det handlar først og fremst om tenestene i FADM. Fakulteta må sjå på korleis ein brukar ressursane internt i fakulteta. Instituttleiarar ønskjer kanskje administrasjonen tett på seg, men dei treng kanskje ikkje alle tenester. Målet er få ein hensiktsmessig administrasjon.

AK: På FIN/FØS er det sett i gang eit delprosjekt om organisering av administrasjonen, og tilrår at OUO tek eit møte med arbeidsgruppa. Må sjåast i samanheng med organisering av FADM

OUO vil ta kontakt med tenesteleiarar for å forhøyre seg om kor langt ein har kome i prosessen i høve til tilbakemeldingane ein har fått på tenesteområda.

OD: Dei tre tenesteområda som er plukka ut er livslang læring, digitalisering og førstelinjetenester. Nokre område vil ha høgare prioritet å ta tak i enn andre. Dei områda som fungerer greitt, kan ein la halde fram som før.

Drøftingssaker

48/23 – Skap i K2

NTO har fått melding om mangelfulle rutinar for handtering av skap i K2. Det er ikkje gitt varsel om tømning av skapa. Det er også meldt om tilsette som har fått tildelt skap som er i bruk. Må vere ryddig når ein tømmer skap. Det kan vere oppbevart sensitive ting som kle og medisinar.

Det vart elles stilt spørsmål knytt til rutinar for oppbevaring, tømning og oppbevaring av eigendelar.

ADU: Det er skap i kvar etasje og ein har ulik kontroll på skapa. Alle tilsette har fått beskjed om å «resette» skapa slik ein får oversikt over «aktive» skap og ledige skap. Det viktigaste er å stadfeste om skapet er i bruk eller ikkje. Personalleiarar må delta og ta ansvar.

Det var semje om at ADU skal utarbeide rutinar for tildeling og bruk av skap, og HTV skal gje innspel til rutineane før dei vert sett i verk.

54/23 Utviding av pilot sensorløysing i K2

ADU orienterte om ønskjer å utvide sensorløysinga i K2.

Parat påpeikar at sensorane ikkje måler kor mange som er på jobb, men som er på campus. Stiller spørsmål om kvar sensorane er plassert og om sensorane berre registrer når ein sit ved pulten og ikkje når ein står?

ADU: Sensorar målar kven som går inn og ut, og det er sensor under kvar pult. Dei vil gje tilbakemelding på om det berre vert målt når ein sit ved pulten.

Det vart elles stilt spørsmål om:

- Kost/nytte i høve til kostnadene ved sensorbruken – korleis vil kostnadene vere i høve til innkjøp, montering, programvare og avlesing/tolking av data vere i høve til inntening og effektivisering?
- Bruken av multirom
- Utrekning av gjennomsnittsbelegg

ADU: Kost nytte perspektiv er vanskeleg. Ser føre seg at dette vil vere eit arealeffektivt tiltak som vil vere besparande. Kostnaden ved prosjektet er ikkje stort, men ADU vil sjå på kostnadene og gje ei tilbakemelding.

NTL: Når ein må melde inn behov for undervisingsrom så veit ein ingenting om opptakstal og kor mange som takkar ja til studieplass. Ein bør sjekke studenttala opp mot oppmeldt til eksamen, og deretter gjere omrokkingar av areal. Når det er feil i Timeedit så gir det dårlege data. Bruke reelle tal og ikkje opptakstal.

ADU: Fagmiljø må gje rett bestilling. Får Sei-ifrå meldingar om at det ikkje er korrekt. Det er også feil tidspunkt som blir meldt. Det vert bestilt frå kl 08, men undervisinga startar ikkje før kl 09. Det er svært uheldig.

Parat: Ved utviding av prosjektet er det viktig at tilsette blir informert godt på Vestibylen og gjerne ved epost til alle tilsette som er brukarar, og at det også vert hengt opp oppslag på vegg / dører / inngangar til soner / arealer der sensorsløyisinga blir implementert. Tydeleg informasjon om kva som er intensjonen og at det ikkje er overvaking. Vere open og ærleg om at det vil ha nytteverdi i høve areal- og kontorfordeling.

55/23 Forslag til avvikssystem ved HVL

AHR hadde ein gjennomgang av forslag til nytt avvikssystem i regi av Compendia.

Organisasjonane hadde følgjande spørsmål/innspeil:

- kan studentane bruke systemet?
- Vurdere om meldinga er eit avvik eller noko anna.
- Kan tillitsvalde bli kopla på tidleg i saker dei skal delta i?
- Bra om vi kan slå saman system. Må kunne samarbeide om kategoriar og evaluering av systemet.
- Informasjon og opplæring av tilsette er viktig
- Systemet blir oppfatta som eit tilfredsstillande system

AHR svarar at det er mogleg å inkludere studentane i systemet. Tillitsvald kan koplast på i saker med kritikkverdige forhold.

HVO: Det er eit fleksibelt system som kan gje endringar under vegs. HVO blir automatisk kopla på når det vert registrert avvik.

56/23 Ymse

Spørsmål til krav om bruk av privat smarttelefon ved autentisering ved innlogging i HVL sine system

Parat spelte inn saka. Dette er inngripande og det er plikt å bruke appen. Ein kunne ha kome i forkant av ein del sterke reaksjonar. All bruk av smart teknologi betalar vi med personopplysningar. Ein kan velje å identifisere seg med sms og USB-nøkkel, og HVL burde hatt USB-nøkkel klar ved innføringa. Saka burde har vore drøfta, og løysingane burde vore klare når det vart etablert.

OD: Det er svært viktig å ha to faktor-autentisering som er eit enkelt og effektivt verkemiddel. Systemet krev ikkje bruk av smarttelefon, det finst andre løysingar. Har vore gitt informasjon og det har vore ein plan. For dei

fleste er det kurrant å bruke eigen mobiltelefon. To faktor autentisering er viktig, men ein kunne framstilt dette betre og hatt USB klart og drøfta dette. Vi må bli betre til å informere om kva type tiltak ein jobbar med.

HVO: Det er bra at vi har to-faktor system. Tidspunktet var ikkje så hensiktsmessig. Må ha ein google-konto for å få lasta opp appen, noko ikkje alle har.

NTL: viktig å ta opp spørsmålet og ein burde fått vite dette tidlegare for å kunne spele inn. I hovudavtalen står det at ein skal drøfte saker når ein av partane meiner det er av betydning for dei tilsette sin arbeidssituasjon, viss ein av partane krev det. Det er ein god ting å begynne med informasjon, så kan ein vurdere om det skal drøftast i tillegg.